*Vi ber dykk om å sende inn følgjande årsrapport  innan 1. mars 2013.*

# VEDLEGG 1

## LivOGlyst årsrapport mars 2012- mars 2013

(Ny praksis: Tilsegn frå og med 2013 vil fylgje kalenderåret og årsrapport for 2013 vil fylgja kalenderåret.)

Prosjektnamn: ______**Dynamiske Mosterhamn**________________________

Deltar i livOGlyst programmet som**:** _______**hovudprosjekt**________________________________
1. hovudprosjekt, 2. utviklingsprosjekt eller 3. assosiert prosjekt

## 1. Bakgrunn.

1.1 Kort skildring av kor prosjektet har si geografiske hovudtilknyting (stad eller fleire stader, bygd, grend, kommune).

**Bygdeutviklingsprosjekt drive av Moster Grendautval, Mosterkrinsen i Bømlo kommune.**

1.2 Om lag kor mange menneske er involvert /kven er hovudmålgruppa?

**Styret i Moster Grendautval + prosjektleiarar frå Dynamiske Mosterhamn tel ca. 15 personar. Dersom ein tel med dei involverte i prosjekta kjem ein raskt opp i om lag femti personar som bidreg inn. I tillegg samarbeider prosjekta med anna frivillig arbeid på Moster som enno fleire personar deltek direkte i.**

**Målgrupper er generelt heile bygdesamfunnet (ca. 2100 innbyggjarar), både unge og gamle, men vedkjem også i stor grad besøkjande gjennom fleire av delprosjekta. Totalt antall berørte kan verte opp mot 10 000 per år.**

**Alle aldersgrupper er involvert.**

1.3 Er desse fastbuande? Pendlarar? Bur dei også andre stader? Kven når de med prosjektet hittil?

**Fastbuande og besøkjande, både frå Sunnhordlandsregionen og meir langvegsfarande.**
**Hittil er festivalpublikum ved Mostraspel/Mostrafestival, ungdommar, bygdefolk, eldre, kulturpublikum, og mange andre nådde med prosjektet.**

1.4 Kva for utvikling er ønskt- og var bakgrunn for søknaden (kort skildra)

- **Utvikle meir aktivitet og samarbeid på tvers av ulike grupper og generasjonar i samfunnet, gjere Moster til ein betre stad å bu.**
- **Legga vekt på å få til nye (eller reetablere gamle møtestader)**
- **Fokusere på heile samfunnet med både aktivitetar for ungdom, kulturelle tilbod, festival, handel, tettstadutvikling, fysisk aktivitet og bruk av natur og kulturminner.**
- **Fokus på å bruke og halde liv i sentrum og hamna i Mosterhamn som har komme litt i bakevja etter at ferjesambandet vart borte i 2001.**

1.5 Har det skjedd positive endringar som de meiner kan ha noko med prosjektet å gjere?

- **Gode turløyper, som er godt merka og kjekke å gå**
- **Auka bruk av Moster Amfi**
- **Nytt liv i ungdomsklubben**
- **Ny skatepark og auka aktivitet i gruveparken**
- **Auka merksemd mot historie og kultur, spesielt marinarkeologi**
- **Mostrafestival etablert og halde 2 gonger, den 3.gongen blir i 2013 kombinert med 50-års jubileet for Bømlo kommune**
- **Stor auka i merksemda mot Moster frå resten av kommunen: «Det skjer mykje på Moster», og «Moster er svært aktive»**

# 2. Prosjektorganisering

2.1 Prosjekteigar:
**Moster Grendautval**

2.2 Kva for organisasjonsform: (ideell stifting, grendeutval, bygdelag, halvkommunalt selskap mfl)
**Grendautval**

2.2 Organisasjonsnr.:

**995 600 862**

2.3 Samansetting av styre:

**Moster Grendautval er eit valt organ i bygda etter vanlige prinsipp for valg av styre på kvart årsmøte.**
**I 2012 var styret samansett slik:**

| | |
|---|---|
| **Leiar:** | **Ingvald Grindheim** |
| **Nestleiar:** | **Rune Sivertsen** |
| **Styremedlemmer:** | **Magnus Stavland, Arve Lilledal, Grete Sivertsen** |
| **Varamenn:** | **Berit Laila Espeland, Reinert Røksund, Kåre Spissøy** |
| **Valnemd:** | **Rino Jacobsen, Knut MagneTotland** |

2.4 Kven er prosjektleiar? Tilsatt når?

**Kåre Spissøy, frå sommaren 2012**

2.5 Er det prosjektgrupper, team eller liknande? Kva for?

**Prosjektgrupper: Bulyst, Tur og Friluft, Marinarkeologi og dykking, Tettstadplanlegging, Festival, Næringsutvikling**

2.6 Ansvarsfordeling i prosjektet? (kort skildring)

**Kvar prosjektgruppe er ansvarleg for planlegging, gjennomføring og rapportering.**

2.7 Korleis medvirker kommunen/kven frå kommunen deltar? Har dei tildelt midlar?

**Medverking med midlar, NOK 30 000 årlig til LoL, NOK 7-10 000 i driftsmidlar, NOK 20-30 000 i andre prosjektmidlar.**

**Deltaking frå næringssjefen Magne Raknes i nokre av aktivitetane. God dialog, men me ynskjer endå meir støtte og deltaking.**

# 3. Måloppnåing.

3.1 Kort kommentar om kva som har vore overordna viktigaste måloppnåing

**Mostrafestival, tur og friluft, ungdom, fellesmøter, julesatsing, nye prosjekt**

3.2. Særskilte satsingsområde, aktivitetar og måloppnåing innan entreprenørskapsutvikling i rapporteringsperioden

**Torg/Marknadsaktivitet (marknad i Brannstasjonen, Julemarknad)**

**Samlingar i Næringsforum**

3.3. Særskilte satsingsområde, aktivitetar og måloppnåing innan mobilisering, trivsels- og bulyst-satsingar i rapporteringsperioden

**Festival, skatepark, ungdomsklubb, Mostraparken/Juletre**

3.4 Møteaktivitet i prosjektet og med brukarane i rapporteringsperioden

**Folkamøte/årsmøte, infomøter (næring), festival, julekafe/julemarknad**

3.5 Kompetanseauke- kursdeltaking eller arrangering i perioden

- **Prosjektleiarkurs**
- **Entreprenørskapskurs**
- **Strategikurs**
- **Økologisk økonomi (seminar)**

3.6 Deltaking i nettverk

- **Bømlo Næringsråd**
- **Bømlo Frivilligsentral**
- **LoL-samlingane**

**Me ynskjer fleire nettverk….**

# 4. Deltaking i andre program/prosjekt

4.1 Hvilke?

**Bømlo Teater/Mostraspelet**

**Bømlo Frivilligsentral**

**Moster Museum**

**Gruveparken**

4.2 Kva vert gjort i livOGlyst prosjektet og kva sorterer under dei andre?

**Alle våre prosjekt sorterer under Liv&Lyst, men greiner er med å deltar i dei andre. For eksempel i forbindelse med Mostrafestivalen er me medlem deltagande i planlegginga og har ansvar for «eigne» deler av programmet.**

4.3 Ev. tildeling av midlar frå andre?

**Bømlo kommune**

**Gjensidige**

**Finnås Kraftlag**

# 5. Økonomi

5.1 Rekneskap hittil

**Periode 1.3.2012 – 31.12.2012**

| **Budsjettpost** | **Budsjett 1.3-1.3** | **Rekneskap 1.3-31.12** |
|---|---:|---:|
| Prosjektleiing | kr 30 000 | kr 30 000 |
| Kompetansetiltak | kr 20 000 | kr 10 000 |
| Fellesarangement | kr 20 000 | kr 11 900 |
| Omdømme og identitet | kr 20 000 | - |
| Møteplassar / Bulyst | kr 30 000 | kr 4 573 |
| Samlande kultursatsing | kr 5 000 | - |
| Marinarkeologi | kr 10 000 | kr 13 800 |
| Mostrafestival | kr 30 000 | kr 30 000 |
| Bygde og tettstadplanlegging | kr 20 000 | - |
| Næringsutvikling | kr 20 000 | kr 13 521 |
| FOU satsing | kr 10 000 | - |
| Tur og friluft | | kr 27 521 |
| Reise og anna | | kr 11 759 |
| Santiago | | kr 5 000 |
| Prosjekt Røyksund | | kr 20 000 |
| **Sum** | **kr 215 000** | **kr 178 074** |

**Merknader til rekneskapen:**

- **Regneskapsåret** er kortare enn vanleg då det er overgang frå forskjøvet rekneskapsår til kalenderår frå 2012. Forbruket på totalt 178 074 er derfor ikkje mykje lågare enn forventa i budsjett.

- **Omdøme og identitet:** Stor aktivitet med både fellesarrangement, Facebook og nettside. Men ingen direkte utgifter i denne perioden.

- **Bygde og tettstadplanlegging:** I dette delprosjektet har det vore prøvd med invitasjonar til to møter for å få engasjert nok folk til å lage ei arbeidsgruppe. Handelsnæringane på Moster vert spesielt inviterte. Frammøte vart for lite på desse to møtene (2 frå næringslivet på de fyrste, ingen på det andre). I kommuneplanen har det også vore vanskeleg å få forankra at Moster er ein tettstad som skal drive med tettstadplanlegging. Dette arbeidet er derfor enno ikkje i gong slik me hadde tenkt. Det vert framleis satsa på dette i 2013.

- **Mostrafestival:** Dei 30 000 vart sett inn i festivalkassa. Same beløp vart sett inn frå samarbeidsparteren Bømlo Teater. Når festivalen var gjort opp gjekk den i null, så desse midlane står i festivalkassa. Denne posten vert derfor redusert i 2013.

- **FOU satsing:** Det er planar om å få ein Masteroppgåve basert på Dynamiske Mosterhamn ved Universitet i Nordland i studiet Økologisk Økonomi i 2013-2014. Dette er under planlegging. Me håpar også at me kan trekkje til oss fleire forskingsmiljø for å sjå på korleis samfunnsutvikling kan drivast i eit lokalsamfunn. Me arrangerer i denne samanheng eit stort seminar i februar 2013 innan dette temaet for å mobilisere til eit breiare perspektiv på samfunnsutviklinga. Det vart ikkje brukt midlar i 2012 på dette men me reknar med det vil kome utgifter i 2013.

- **Tur og Friluft:** Dette er ei svært vellukka satsing som framleis har stor aktivitet. Me valde derfor å behalde dette delprosjektet innan ramen på LoL. Dette vert også med i 2013. Dette delprosjektet har i tillegg til midlane frå LoL, også mykje medfinansiering frå Gjensidige stiftelsen.

- **Santiago:** Dette er eit nytt initiativ som er i tråd med målsettinga i prosjektet; å bruke kulturen og historien for å skape ny og samlande aktivitet. Dette skal bli eit nytt spel eller teaterstykke der møtet mellom skipbrudne Hollendarar og det middelalrderske Mostrasamfunnet vert dramatisert. Stykket skal skrivast av fotograf og filmskapar Lene Løtvedt.

- **Prosjekt Røyksund:** Røyksundskanalen er ei natur og kulturperle og sterkt identitetsskapande for Bømlo. Dette prosjektet er eit forprosjekt for å planlegge ei oppgradering av seglingsløpet gjennom heile kanalen. Dette er ei stor investering som omfattar både sprenging av skjær, mudring av hovudlaup, sikring av murverk langs kanalen, og sannering/omlegging av vass og kloakkledningar. I mangel på tiltak og respons frå offentlig forvaltning har grendautvalet bestemt seg for å sjølve finansiere eit forprosjekt. Dette er kostnadsrekna til omkring 50 000 kr som vert fordelt over to budsjettår. Midlane vert teke frå finansieringsdelen som vert gitt av kommunen til prosjeket. Desse midlane kan brukast til fysiske investeringar.

5.2 Kva har gått til prosjektleiar?

**30 000 kr**
**I tillegg har prosjektleiar køyrt to kursopplegg innan entreprenørskap og strategiutvikling for prosjektgruppa. Desse to opplegga er godtgjort med kr 10 000 for kvart.**

# 6. Medieomtale

**Liv&Lyst ved Dynamiske Mosterhamn og Moster Grendautval har god dialog med Bømlo Nytt, og dei aller fleste overnevnte prosjekt har hatt spalteplass i avisa.**

Haugesunds avis 3.11.2012:












Dameskipet, kalla dei skuta som gjekk ned ved Moster i 1588. Ivrige sportsdykkarar leitar etter spor

«Santiago»

- Eit av dei største skipa i Den spanske armada.
- Bygd i 1551 – var nederlandsk, men rekvirert av spanske myndigheiter.
- Segla i forsyningsskvadronen og hadde 116 personar om bord: Sjømenn, offiserar, stallgutar – og 32 soldatkoner. Difor vart skipet kalla «de nao de las damas» – kvinneskipet.
- Havarerte nær land ved Mosterhamn og alle vart redda.

**ALLE DEI 116** overlevde og vart tekne godt imot av lokalbefolkninga. Spanjolane vart verande på Moster i fleire månader. Dei fleste reiste heim att utpå vinteren, og fortalde at dei var blitt tekne vennleg imot, trass i at mostringane var protestantar og dei sjølv katolikkar.

Truleg hang katolisismen framleis utpreg igjen blant folk at spanjolane vart sett på som trusbrør?

Etter rapportane frå dei som vende attende til Spania skal det altså ha vore eit fredeleg møte folk imellom på den norske vestkyst for 424 år sidan. Så fredeleg at ein del slo seg ned på Moster og kan vera årsak til enkelte vestlendingar sin mørke utsjånad, kan ein lesa i gamle dokument. I alle høve er ordtaket «ha spanskeblod i årane» godt kjend på Bømlo.

**LARS EINAR HOLLUND** i Bømlo Sportsdykkere har lenge vore oppteken av historia om «Santiago».

– Me veit at det gjekk ned ved Moster. På eit Armada-kart frå 1590 er det markert vrak her, men ikkje heilt nøyaktig kor det ligg.

– Etter at eit anna gammalt skip vart oppdaga i 1991 ved Trøytarosen utanfor Grindheimsvågen, går me ut frå at dette kan ha vore ei vanleg uthamn, der skip kan ha søkt i dårleg ver. Det fekk namnet Mostraskipet – og fleire meinte at det kunne vera «Santiago». Men funn av gjenstandar frå Mostraskipet stemmer ikkje med Den spanske armada sitt tokt mot England, seier Hollund.

**BØMLO SPORTSDYKKERE** valde nordre hamn ved Trøytarosen, like ved Mostraskipet, til sin fyrste leiteoperasjon etter «Santiago». Dykkarane kom frå Odda, Kvinnherad, Bergen og Bømlo.

– Dette er fyrste gong me dykkar etter «Santiago», og me veit jo ikkje kva me vil finna. Håpet er å finna skipet, men me reknar med mange spennande funn og mykje kjekt før den tid, seier Hollund, som saman med Kåre Spissøy frå Dynamiske Mosterhamn studerer gjenstandar som dykkarane kjem opp med: Eit lårbein frå ein sau, små plankebitar, flasker – og noko som kanskje er ein del frå ei øks.

– Me skal ha mykje moro før me til slutt finn sjølve skipet, meiner dykkarane.



GAMMAL – Denne flaska er frå [illegible], og ganske gammal. Men ikkje frå 1500-talet, seier Lars Einar Hollund i Bømlo Sportsdykkere, som arrangerte dykkinga denne laurdagen.





## Den spanske armada

- Ein krigsflåte som Filip 2 av Spania sende mot England i 1588, dels for å hemne Maria Stuart, dels fordi dronning Elizabeth støtte nederlendarane i striden mot Spania.
- Flåten, som talte 130 store og 30 små krigsskip og ein mannskapsstyrke på ca. 30.000, stod under leiing av hertugen av Medina Sidonia.
- Ein del av flåten blei øydelagt av engelskmennene i Den engelske kanalen, og mange skip forliste då armadaen forsøkte å gå nord om Skottland. Færøya drev enkelte omkring, heilt nord til Noreg.
- Berre halvparten av flåten nådde heim.
- Det har sidan, og heilt opp til våre dagar, vore funne vraksnestar av armadaen.
- Nederlaget markerte slutten på Spanias herredømme på havet, og opna samtidig for det britiske.
- Den vaktpost som engelskmennene sette ut for å speide etter armadaen på sørkysten av England, blei halde oppe i fleire hundre år etter at armadaen var slått.

Kjelde: Store norske leksikon



## «SANTIAGO» SOM TEATER

**«EIT SKIP MED** 116 personar frå Spania forliste ved Mosterhamn kysten. I ein periode frå september 1588 til [illegible] 1589 må desse 116 menneska bu og leve i ein liten landsby på Vestlandet. Ei slik integrering må ha bydd på mange utfordringar. Spanjolane var katolikkar, nordmenn reformerte lutheranarar (det er usikkert om reformasjonen har nådd Mosterhamn på denne tida). Spanjolane er bevandra i ei verd kor trykkekunst og bøker er alminneleg, i Noreg i 1536 fins 96 eksemplar av Bibelen, alle på latin».

Dette er bakgrunnen for at Lene Løtvedt frå Bergen, med slektsrøter frå Bømlo og hytte på Moster, ynskjer å skriva manus til eit skodespel om temaet kring «Santiago».

– Gjennom folk på Moster er eg blitt kjend med denne historia og tykkjer det er fascinerande og spennande, seier Løtvedt, som er utdanna dramaturg og fotograf.

Ho har tidlegare også skrive filmmanus og jobba som produsent.

**ETTER SAMTALAR MED** folk frå Moster gjekk Lene Løtvedt i gang med å søka om midlar, i samarbeid med Moster Grendaråd og Dynamiske Mosterhamn. Bømlo kommune har løyvd 5.000 kroner. Det er også søkt til Hordaland fylkeskommune, Den kulturelle spaserstokken og Liv og lyst-prosjektet på Moster.

– Dersom me får positive svar vil eg gå i gang straks, og reknar med å ha manus ferdig i februar 2013. Eg tenker det som ein musikal, helst med musikk av lokal komponist, seier Løtvedt.

Ho ser for seg Bømlo Teater som naturleg samarbeidspartnar, og håpar dei vil ta det opp i sitt styre.

Løtvedt tykkjer Moster Amfi vil vera naturleg scene for ei «Santiago»-framsyning, men at den også kan kunna spelast andre stader i Bømlo og elles i Hordaland.



Bømlonytt 2.2.2013:

# Vil ha levande og livskraftige lokalsamfunn

**Korleis gjera Bømlo til ein endå betre stad å bu? Det er eitt av fleire spørsmål seminaret Livskraftige samfunn tek for seg på tysdag.**

*Bn:* Nils-Tore Sele

Moster Grendautval-prosjektet Dynamiske Mosterhamn, Bømlo Frivilligsentral og Bømlo kommune går saman om å arrangera seminaret Livskraftige samfunn i Moster Amfi tysdag kveld. Det tek for seg tema innan økonomi og samfunnsutvikling. Professor Ove Jakobsen og førstelektor Øystein Nystad frå Universitet i Nordland kjem, for høvesvis å halda foredrag og å leia forsamlinga gjennom ein kreativ prosess denne kvelden.

– Seminaret er ope for absolutt alle. Målgruppa er alle som er opptekne av korleis me kan gjera det betre å bu i grendene våre. Me har spesielt invitert unge og skulesektoren i Bømlo. Det same gjeld for næringslivet og alle grendalaga på Bømlo. Me har i tillegg sendt ut invitasjonar til resten av regionen, særleg naboane våre i aust, Sveio og Stord, seier Kåre Spissøy frå Dynamiske Mosterhamn og Moster Grendautval.

Seminaret er ein del av ulike jubileumsarrangement i heile kommunen utover året, som markerer at Bømlo kommune er 50 år i 2013.

– Me trur at dette er eit seminar som kan gje dei som kjem innspel til fleire aktuelle saker i regionen. Eit døme er skulepolitikk. Me har Litlabø skule som kan bli nedlagt på Stord, og me har Bømlo vidaregåande der det kan bli både nedlegging og flytting av skuletilbodet, seier Spissøy.

Bømlonytt 7.2.2013:



**Dynamisk dialogkveld**

[illegible] **Side 8**



[illegible]

# Gode samtalar om godt liv

**Med å samtala i lag, bli kjende med kvarandre, dela og utvikla tankar og idear, kan ein få starten på utviklinga av eit godt samfunn for framtida.**

[illegible]

### Startar ein prosess

[illegible]

### Optimal livskvalitet

[illegible]



[illegible]

Bømlonytt 12.3:

# Klubbedubben kan få nytt liv

– Ungdommane må vera med, elles får me det ikkje til, seier Kåre Spissøy i Dynamiske Mosterhamn. Sist veke var han ein av åtte på eit møte som hadde som føremål å få blesa nytt liv i fritidsklubben på Moster, Klubbedubben. Det er eit flott initiativ som me vonar ungdommane sjølv ser seg mon i. Dynamiske Mosterhamn har 15.000 kroner til disposisjon som ungdommane kan få bruka til å pussa opp dei tidlegare klubblokala. Og han har sjølvsagt heilt rett, Spissøy, ungdommane sjølv må vera med.

Difor reknar me faktisk med at dei møter gute- og jentesterke opp når grendelaget inviterer alle ungdomsskuleelevane til møte for å høyra deira meiningar. Vil dei ha kafé, vil dei ha filmkveldar? Vil nokon spela i band eller vil dei berre ha ein stad å møtast for å prata? Klubbedubben har lege nede nokre år, men fortener absolutt å stå opp att or oska.

Det er eit yrande barne- og ungdomsliv om kveldane kringom på dei mange bedehusa i kommunen. Og ære vera alle dei vaksne som står på og jobbar for at dei som er har lyst å ta turen, har høve til det. Det er ingen liten dugnadsinnsats det er snakk om. Det finst også flust opp av andre organiserte tilbod, der ikkje minst idrettslaga er blant dei som står på og organiserer aktivitetar for små og store.

I dag vil me gjerne slå eit slag for dei i alderen 13 til 18 som ikkje er organiserte sju kveldar i veka, men som har tre-fire kveldar der dei berre vil hengja ute og prata med venner. Slappa av med litt musikk, eller spela eit slag bordtennis. Heilt uformelt. Kvar skal dei ta vegen? Så vidt me har greidd å finna ut er det berre på Langevåg dei har ein aktiv fritidsklubb. Ifølgje bomlo-kommune.no møter det opp 40–50 unge på klubben i Bygdetunet ein gong i veka. På Svortland har me ikkje funne noko aktiv fritidsklubb.
Det trengst engasjerte menneske til å dra i gang, og engasjerte sjeler til å halda klubben i gang.

No prøver dei på Moster og me håpar sterkt dei lukkast. At dei unge vert med. For det fortener dei.

# Vil pusta liv i Klubbedubben

**– Det er no eller aldri. Me kan få liv att i fritidsklubben, men mostraungdommen må vera med.**

Av: Nils-Tore Sele

Onsdag kveld i førre veke, arrangerte Dynamiske Mosterhamn eit møte for å lodda stemninga rundt å få i gang att fritidsklubben på Moster, Klubbedubben.

– Me var åtte til stades på møtet i klubblokala, det gamle postkontoret på Moster. Eg synest det er grunn til å vera optimistisk, sjølv om mange meinar at åtte ikkje er så mange. Dette er ein fin start, det. Me hadde eit godt møte, og mellom dei som var til stades var to ungdommar og fire engasjerte foreldre. Me var to frå Dynamiske Mosterhamn, fortel Kåre Spissøy i Dynamiske Mosterhamn til Bømlo-nytt.

Han opplyser vidare at fritidsklubbforkjemparane vil samla alle ungdomsskuleelevane på Moster skule til eit informasjonsmøte på skulen om kva som er på gang. Spissøy vonar at dette verkeleg vil tenna engasjementet hos lokalungdommen.

– Dei må vera med, elles får me det ikkje til. Å vera med i det som skjer på fritidsklubben kan gjeva både auka sjølvkjensle og meistring for ungdommane. No har me tilgjengeleg 15.000 kroner som kan brukast til å pussa opp klubblokala og kjøpa møblar. Det som skal skje, vil me at ungdommane sjølve skal avgjera. Det er dei fritidsklubben er til for. Me vaksne er med for å tilrettelegga, og for eigen del er eg veldig engasjert og vil jobba for å få i gang att fritidsklubben, seier han.

Spissøy fortel vidare at ungdommane må ta ansvar for å bestemma framtida for fritidsklubben på Moster.

– Vil dei ha kafékveldar, skal det vera diskotekkveldar, eller er filmkveldar ein idé? Det er mykje å tenkja på når det gjeld kva ein vil ha. Kanskje må også namnet endrast, me får sjå, seier ein engasjert Spissøy.

Aktiviteten ved fritidsklubben på Moster har lege nede i fleire år. Spissøy meiner det er på høg tid å få klubben i gang att.

– Eg er overtydd om at ungdommen på Moster treng ein treffstad som dette, seier han.

Sjølv vonar Spissøy at ein i løpet av denne månaden er i gang med å setja i stand lokala til fritidsklubben. – Vona er at me er i gang med fritidsklubben igjen i sommar, fortel han.



Kåre Thoresen Spissøy trur at fritidsklubben på Moster vil komma i godt gjenge att. Foto: Nils-Tore Sele

7. Anna?

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, livOGlyst v/Kari Patricia Kleppe, Postboks 7900, 5020 Bergen